

# Sosiolingvistiske modellar

Av Gunnstein Akselberg

I dette heftet av *Målbryting* er temaet sosiolingvistiske modellar og kva for rolle desse spelar for den kunnskapen og innsikta vi skaffar oss om sosiolingvistiske tilhøve.

Marit Merete Lunde, Inger Margrethe Hvenekilde Seim og Stian Hårstad set eit kritisk blick på studiet av sosiolingvistiske haldningsgranskningar. Studiet av haldningsgranskningar vert sett både i eit teoretisk og i eit metodisk perspektiv, og dessutan vert konkrete haldningsgranskningar lagt under disseksjonskniven.

Stian Hårstad, Gunnstein Akselberg og Veturliði Óskarsson diskuterer regionalspråklege tilhøve. Hårstad og Akselberg har ein teoretisk og metodisk innfallsvinkel til temaet talemålsregionalisering, medan Óskarsson studerer ei særleg leksikalsk regionalisering i historisk perspektiv.

Reidunn Hernes og Magnhild Selås er opptekne av overordna forståings- og forklaringsperspektiv. Reidunn Hernes er eigenleg oppteken av sosiolingvistiske eksistensiøspørsmål, og artikkelen hennar har eit sterkt vitskapsteoretisk perspektiv. Selås diskuterer allmenne problemstillingar knytte til forklaring og forståing i sosiolingvistikken.

Det siste hovudtemaet i heftet er normering. Bente Hannisdal studerer den engelske varieteteten Received pronunciation sett i større kulturelt og sosiolingvistisk perspektiv. Tilnærminga og analysen er eit kjærkome supplement til interne norske sosiolingvistiske studiar, som set dei norske talemålstilhøva i eit fruktbart perspektiv.

Ragnhild Haugen har gjennomført ei gransking av lokaltalemålet sin plass og rolle i målreisinga i Sogn.